

Seterbruksen

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR
Nr. 2 – JUNI 2006 – 9. ÅRGANG



Norsk
Seterkultur

Neste utgåve

kjem etter planen i oktober, med frist for stoff og foto 25. september.

Seterprodukt

Har du seterprodukt å selje? Har du tilbod til turistar, kurs, "inn på tunet" - eller andre tilbod på setra som du vil gjera meir kjent? Og er - eller vil du bli - medlem i Norsk seterkultur, så bruk "Til seters" på www.seterkultur.no Send 2-3 foto og nokre ord om kva du tilbyr - med telefonnummer og adresser, så formar vi ein presentasjon. Vi har mange besøkande på www.seterkultur.no og mange finn vegen til seters via denne kanalen!

Fotokonkurransen

Kanskje har vi alt fått vinnarbiletet? Men siden det snart er setertid at utsett vi jury-avgjørda. Oppmodinga går så til alle seterinteresserte: bruk fotoapparatet og send oss resultatet. Det kan vanke premiering - og får vi lov, så bringar gjerne bileta med opplevingar og inntrykk frå seterlandet vidare gjennom Seterbrukaren og/eller www.seterkultur.no

Påminning om medlemspengane!

Det er sendt ut en ny giro med påminning om medlemspenge. Norsk seterkultur trenger mange medlemmer for å være en sterk pådriver for seterdrifta og seterkulturen i vid forstand. Skulle det være feil beløp på giroen er det bare å endre det. Mener du å ha betalt, vennligst kontakt Svein Løken, tlf. 90042883, e-post: sv.l@online.no

Godt sagt!

"Jeg tror alle unger ville ha godt av å vokse opp på gård".
Eli Hagen, til Dagbladet – Magasinet 29. april 2006.

Styret:

Jostein Sande, leiar
6214 Norddal.
Tlf 70259108. jossande@online.no

Kjersti Reksen Sole, nestleiar
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50
kjersti.reksen.sole@vaga.kommune.no

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 Jondal
Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55 – odar-esp@online.no

Stein Brubæk, 6636 Angvik,
tlf. 71292732, sbrubaek@c2i.net

Gjermund Stormoen.
TINE BA, Pb 25, 0051 Oslo
Tlf 22938800 - gjermund.stormoen@tine.no

Varamedlemmer

Elin Rønning, Meråker. Tlf. 90 96 74 60
Ingrid Arneng, Heggenes. Tlf. 95 78 32 06
Marit Hoel, Molde. Tlf. 71 24 46 04

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169

Redaktør: Jostein Sande

Førtყyk: Stordfjord Bladlag AS

Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.

Framsidefoto: Espen Dag Rydland

Stå på!

Ein ny setersommar står for døra, med forventningar både blant oss som driv gard og seter, unge og eldre som tek sin tørn som budeier og seterhjelp og mange tusen som besøkjer seterområda. Framleis set stølsdrifta preg på store fjellområde, mykje mjølk av ypperleg kvalitet blir produsert og i tillegg "produserer" denne eldgamle driftsforma landskap og opplevingar som ein vanskeleg kan verdsetje høgt nok. Alle som held stølsdrifta oppe har god grunn til å vera stolte. Seterdrifta er vel det beste landbruket vårt har å by på, ei driftsform opa for omverda, opa for opplevingar, ei driftsform med eit kulturelt mangfald som så utruleg mange nyter godt av og set stor pris på.

Utfordringane for seterdrifta er mange. I det politiske lendet står paradoksa i kø, fagre ord og auka tilskot til seterdrifta, men samstundes hardare akkord for det seterbrukande gardsbruket samla sett. Heldigvis er det politiske signal som tyder på at samanhanga mellom gard og seter blir forstått, at det må gardsbruk i drift til for å gi stølsdrift – og friske midlar m.a. til dei regionale miljøprogramma bør resultere i auka innsats for både den tradisjonelle seterdrifta og utvikling av ytterlegare aktivitet og verdiskaping på setrene.

Utfordringar har vi også frå interesser som ynskjer å bruke areala i stølsområda til andre føremål. Norsk seterkultur blir stadig kontakta av seterbrukarar – og andre med omsorg for seterdrift og stølskultur – som treng råd og hjelp når utbyggingsinteressar pressar på. Mot sterke kapitalinteressar har smale og ku lite å stille opp, og dverre må ein berre konstatere at mange kommunepolitikarar fell lett når slike interessar kastar augo sine på indrefileten av norsk fjellnatur. I dette biletet er dei signala som kjem frå m.a. Finsesymposiet (sjå annan stad i bladet) viktige. I uttalar til konkrete saker og meir generelt har det frå Norsk seterkultur vore peika på behovet for langsigting, overordna mål og strategiar. Skal kortsigtinge profitmotiv få rå, og tempoet i omforminga av fjellet held fram, da misser vi snart mange verdifulle seterområde. "Hvor ble stillheten av?", spør sjefredaktør Turid Røste i Hytteliv (9/05) – og åtvarar mot jetset-trend og høgteknologibølgjen i hyttebygginga. Og ho konkluderer m.a. med at "den utbyggeren som våger å satse på et lavteknologisk hyttefelt, der naturen og stillheten får spille hovedrollene, er både smart og fremsynt".

Setra og stølskulturen har så utruleg mykje å by på – av opplevingar, aktivitet og spennande matopplevingar – med grunnlag i langsigting og audmjuk bruk av naturen. Verdiar som, saman med stillheit og rikeleg tilgang til fri natur, burde leggjast til grunn for all utbygging i fjellområda.

Jostein

Innkalling til årsmøte i Norsk seterkultur

Årsmøte og fagseminar 2006



blir helga 30.09-01.10. og det er planlagt lagt til Røros. Interregprosjektet Grenseløs seter – Fåbodriket blir medarrangør på den faglege delen og støttar arrangementet økonomisk. – Så oppmodinga er: sett av denne helga! Seminaret går laurdag og årsmøtet tek til søndag 1.10. kl. 09.30. Program og praktiske detaljar blir gjort kjent på www.seterkultur.no og blir tilsendt ved henvendelse til Norsk seterkultur, 6214 Norddal, tlf. 70259177.

Til seters over fylkesgrensa

kan by på problemer. NSK har hatt et par henvendelser om dette, der bl.a. setertilskotet er tema. Etter at de regionale miljøprogramma kom – og setertilskotet fant plass der – har det blitt ganske store forskjeller, frå 17.000 til 30.000 pr. seter, ja endog helt opp i 50.000 kroner i N. Trøndelag (under særlige forutsetninger). Forskjellene er så store at de som driver gard i for eksempel Møre og Romsdal burde finne seg seter i Trøndelag eller Oppland! - Dette er vel ikke så aktuelt, vi får heller jobbe for at setertilskotet i de fylka som ligg vesentlig etter blir heva. – Det som iallefall er sikkert, er at om foretaket, altså garden, gjennomfører tiltak i anna fylke skal det søkes på de ordninger og benyttes søknadsskjema gjeldende for det aktuelle fylket. Søknaden sendes kommunen der hoveddelen av tiltaket gjennomføres. Dette gjelder altså de regionale miljøprogramma.

Erfaren busull søker støl

"Erfaren busull - I 11 år har jeg tatt fri noen uker fra kontorjobben om sommeren og vært busull på støl i Hemsedal. Nå er stølsdrifta opphört - og jeg er stølsløs. Erfaring med dyrestell. Kan lage rømme, kvikaku, fløtelapper, smør og brun mysost. Leter etter støl som trenger en stødig kar i noen uker i sommer". Vi vart nysgjerrige på denne "annonsen" som kom til markedspllassen på internett-staden www.seterkultur.no og vi ringte avsendaren. Vi møter Espen Dag Rydland, byplanleggjar i Oslo med kontorplass i tolte etasje i rådhushuset, og det er altså han og familien som ynskjer seg ny støl. Han fortel at sonen, som no er tidleg i tenåra, også saknar stølslivet etter at dei i fjar - "stølsløs" som dei var - reiste utanlands på sommarferie. Sjøl opplevde han stølslivet i oppveksten på ein støl tett ved familien si hytte i Hemsedal. Oppvaksen i drabantby i Oslo, men med slik sterkt dragning mot stølslivet at det altså så langt har vorte 11 somrar på Kross-stølen i Hemsedal. Lengda på opphaldet har variert - frå heile sesongen til 3-4 veker. Såleis har dei vore med på buføring med 12 kyr og fire kviger dei 13 km mellom garden og stølen. Og på stølen har dei fått prøve alt stølslivet krev - frå lokking på kyr til foredling av mjølk. Det siste fekk dei særleg lære av eldre folk på ein nabostøl, der det ikkje var kyr lenger. - Vi ønskjer oss ein gammaldags støl, ikkje alt for stor buskap, men med anledning til å få drive med litt foredling og tillaging av stølskost - og gjerne høve til litt bærplukking, seier den erfarene busullen med fokus mot planleggingsoppgaver m.a. i Bjørvika og med sterkt ønskje om nye stølsmorar!



Bilda: Espen Dag Rydland og sonen Mathias Andersen i aktivitet på stølen.



Kristin Krohn Devold, generalsekretær i DNT under verdensarvmarkeringa på Herdalssetra 10. juni.

Setre på verdensarvlista

Verdensarvstatusen til fjord- og fjellområde i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane/Hordaland – Geirangerfjorden med omland og Nærøyfjorden med om land – ble nylig feira med brask og bram. Det var i fjar sommer Unesco vedtok at "Vestnorsk fjordlandskap" skulle med på den prestisjetunge World Heritage-lista. Både i sør- og nord-delen av området er det setre i drift innenfor verdensarvområdets grenser, så dermed kan vi slå fast at den vestnorske seterkulturen er sikret plass på verdensarvlista.

Seterdrift opp mot høgfjellet

Setra vår ligg 865 meter over havet og beitekvaliteten så høgt til fjells er så avgjort ei utfordring. Vi er oppe mot skoggrensa ved Setersjøen i Dalsbygda i Os i Østerdalen, der brukarane på Østgård øvre – eller ”Usen”, som det blir sagt i daglegtale, setrar. Hanne og Erling Tingstad overtok heimgarden til Hanne i 2001. Kari og Bjarne Østgaard, foreldra til Hanne, er dyktig seterhjelp, og elles tel familien på garden borna Anders (10), Lars (7) og Ingrid (4). Vi har hatt ein prat med Erling, som fortel at garden deira ligg i eit særmerkt klyngetun, dei driv vel 200 dekar eiga jord pluss 60 dekar leigejord og har 19 årskyr og ein kvote på 110 tonn.

Foreldra til Hanne hadde rusta opp fjøset med bl.a. rørmjølkanlegg og i 2005 bygde hanne og Erling ny seterstuggu. Den gamle bua heldt ikkje heilt mål, og ny grunnmur kom på plass i 2004, stuggu vart lafta vinteren 2005 – og i juli i fjor kunne det takast i bruk. Erling fortel at dei fekk ”gørgod” hjelp frå naboor og venner i både Vingelen og Dalsbygda – så no har han mykje dugnadsinnsats å yte til gjengjeld!

Vegen til setra ved Setersjøen er om lag 9 km og dei går med dyra – vanlegvis først i juli og er der ut august. Det er nattbeite ved setra, men Erling legg ikkje skjul på at beitekvaliteten kan gå ut over både mengde mjølk og kvaliteten på mjølka. Likevel har dei vår/sommarkalving - og kring 30 prosent av kvoten blir produsert om sommaren. I 2001 var det sju setre i drift i dette området,

sist sommar var det seks setre med ku i drift – og ei geitseter. I setergrenda vår har det komme opp fire nye seterhus løpet av det siste året, så det er bra aktivitet i dette området. – Erling legg vekt på at tida på setra er god for både folk og dyr. Siloslatten krev tid og krefter, og da er det godt å ha dyra på setra. Dessutan trivst vi godt der – både ungar og vaksne.



Ingrid -4 år – trives i fjøset.



Klyngetunet med bruket til Hanne og Erling nærest.



Kyrne med den gamle seterbua i bakgrunn (2003). Foto: Jon J. Meli,



Anne Marte (10) og Thomas (8) er sære gode venner med dyra på stølen.

Takka vera ungane er dyra så snille

Det er takka vera ungane at dyra er så snille og greie å ha med å gjera. Dei er mykje med i fjøset både heime og på stølen, fortel Marit Røvang, som saman med mannen Magne Lyseng og borna Anne Marte og Thomas driv garden Røvang i Lomen i Vestre Slidre. Dei tok over etter foreldra hennar Marit i 1982. Stølen deira, som foreldra hennar kjøpte i si tid, ligg ved Sørre Syndin, om lag 23 km frå garden. Tidlegare hadde garden ein annan støl. Marit fortel at stølsdrifta er ei livsform, det høyrer med som ein sentral del av drifta og dei ser framtid i denne driftsforma. Men Marit fortell at no er dei åleine med mjølkeproduksjon i dette støslaget.

MJØLK- OG KJØTPRODUKSJON

Marit og Magne har vel 20 årskyr og ein kvote på om lag 100 tonn. Sidan dei forar fram alle oksekavane blir det i tillegg relativt omfattande kjøtproduksjon. Jordvegen på garden utgjer kring 150 dekar og i tillegg leiger dei ein del jord. Det er óg 20 dekar innmark ved stølen. At dei har foringsdyr heime, i tillegg til slått og anna arbeid, gjer at det blir mykje farting mellom garden og stølen. Dei reiser opp til kveldsstellet og er der til morgonstellet og frukosten er vel unnagjort. Så ber det nedatt til arbeidsopp-gåvane heime, der slåtten krev mykje. Det mest blir lagra i rundballar, men dei har også heil del høy – som er særleg greitt å ha

når det er skikkeleg kaldt, seier Marit, som både deltek for fullt i gardsdrifta og arbeider som lærar på skulen i bygda.

På Røvang har dei NRF-kyr, men kvart år blir 4-5 kviger innseminert med Charolais – med tanke på kjøtproduksjonen. Det er kalving til midt i mars, og 12-15 kyr mjølkar

på stølen. Såleis blir det ein god del mjølk gjennom sommaren. Tida på setra strekkjer seg frå først i juli til midt i september. Sidan det er så langt til stølen må Hed-Opp-bilen ta seg av transporten av dyra.



Anne Marte og favorittkuia.

Setermøte i Lia i Lom



Brimisetra i Lom – eit godt eksempel på ny satsing i seterfjellet. Hans Brimi orienterer om drifta.

Lom bonde – og småbrukarlag inviterte til ope møte om setring i byrjinga av mai.

Responsen på invitasjonen var stor – heile 25 personar møtte opp. På møtet var det mykje fokus på ulike tilskotsordningar – og prosjekt seterbrukarar kan dra nytte av.

I kraft av å vere kommunal landbruksbyråkrat, var underteikna oppmoda om å seie litt om desse ulike ”ordningane”.

ALMENNINGSSETRE

I Vågå og Lom er flesteparten av setrene almenningssetre – dei ligg på statsgrunn. Lom Fjellstyre var difor invitert, og ga oss ei grei orientering om deira virksamheit vis a` vis setre og seterbrukarar. Fjellstyret er lokal forvaltar av ”Fjellova” og den såkalla ”Seterforskrifta”.

Utvising av setre på statens sin grunn er regulert i dette lov- og forskriftsverket. For å få utvist seter må garden ha behov for denne. Det skal vere samanheng mellom drifta på garden og drifta på setra. Dersom denne bindinga opphører, begynner klokka og tikke for at setra ”fell i det fri”.

Når det gjeld utvisning av tilleggsareal til beite og nybygging/påbygg av hus på setra er

også dette saker som Fjellstyret behandler. Utvisning av beiteareal (inngjerda) er hos oss begrensa til aktive setre med mjølkeproduksjon, og antalet bygninger på ei seter – skal i prinsippet vere dei husa ein har behov for i drifta.

Det vart nemt at Fjellova er gammal – og kan i somme høve oppfattast som lite eigna for oss i dag. Der finnes likevel ein paragraf som seier noko om ”tida og tilhøve”. Denne paragrafen har gjeve opning for fleire tiltak/prosjekt som har vore hensiktsmessige for oss ”moderne” menneske.

FLEIRE HAR PLANAR OM

Å STARTE OPP ATT

Fleire bruk i Lom er i ferd med – eller spekulerer på - å ta opp att seterdrifta.

Eit tema på dagsorden denne kvelden var seterprosjekt i regi av Småbrukarlaget i Lom.

Det er fleire problemstillingar – og spørsmål ein gjerne vil ha svar på – eller sjå forslag til løysingar på – i samband med setring. - Å vere fleire gardbrukarar saman

i eit slikt prosjekt, ser ein på som positivt og foremålstenleg – og ikkje minst; sosialt!

SMIL, BU, GRUNNEIGARFOND, KULTURMINNEFOND....

Ein kan ha gode pengar å hente, dersom ein – i byrjinga av eit prosjekt eller ei utbyggjing – tek turen innom ein ”tilskots-byråkrat”.

Setrene er ulike – både m.o.t. kor dei ligg, kva bygningsmasse som finst, kva slags behov ein har for opprusting – eller behov for bistand av anna slag.

Som antyda i overskrifta, fins ei rekke ulike ordningar, som er retta mot ulike tiltak. Nokre ordningar byrjar å bli velkjente, medan andre er mindre nytta.

Ein kan finne mykje informasjon på nettet; hjå Statens landbruksforvaltning, Innovasjon Noreg, Statskog og Norsk Kulturminnefond – for å nemne dei viktigaste.

I dei ulike kommunene sit landbrukskontor eller næringskontor med kunnskap omkring desse ordningane. Dei kommunale byråkrater er til for oss – så ikkje nøl med å ta kontakt.

Kjersti Reksen Sole

"Seterstreif i Vangrøftdalen"

OS I NORD-ØSTERDAL,
SØNDAG 16. JULI 2006

Ved inngangsporten til Forollhogna Nasjonalpark vil det også i år bli arrangert en seterdag på Kløftåsen og på Dalvollen i Vangrøftdalen landskapsvernområde.

I Vangrøftdalen går fortsatt et stort antall husdyr på utmarksbeite, og et høgt beitetrykk gjennom flere hundre år har gitt setergrenda Kløftåsen og områdene rundt et helt spesielt kulturlandskap. Vel 200 storfe og 500 sauер gjør her en helt enestående jobb...

Søndag 16. juli, mellom kl 11 og kl 16, kan du besøke hele 5 setre, du kan kjøpe "setermat" av forskjellig slag, og delta på kulturvandringer og mange andre aktiviteter. Detaljene rundt arrangementet vil bli kunngjort i eget arrangementprogram, og på Fjellfølges hjemmeside www.fjellfolge.no.

Foruten "Seterstreif i Vangrøftdalen" 16. juli kan det nevnes at det vil det bli arrangert andre seterdager i Nord-Østerdal også. Først ut er "Åpen Seter" i Einnundalen 9. juli, og til slutt "Seterdag i Svartåsen" i Vingelen 23. juli.



Til slutt vil vi ønske alle hjertelig velkommen til en trivelig og innholdsrik dag i unike omgivelser i Vangrøftdalen! Skulle det være spørsmål eller ønsker du å være med på vandringer kan du gjerne kontakte

Fjellfølge, mobil: 48 10 96 83.
Hilsen Randi Brænd
for "Seterstreif i Vangrøftdalen

Kandidater til Seterprisen 2006 søker!

Seterprisen skal skape positiv blest om seterdrift og bidra til å sikre seterdrift her i landet også i framtida. For 2006 er vi opptatt av å finne en person(er) som har gjort en ekstraordinær innsats for å fremme gode samarbeidsløsninger i stølsdrifta. Dette kan f. eks gå på kulturlandskapspleie, på produktutvikling, markedsføring og/eller tiltak knyttet til turisme og samarbeid med det profesjonelle reiselivet.

Kandidatene vil bli vurdert av en jury bestående av *Nils Gjerland* fra Norges Vel, *Astrid Solberg* fra 4H Norge og – *Gjermund Stormoen* fra Tine.

Prisen deles ut søndag 27. august i Rausjødalen i Tolga, i forbindelse med at det første samvirkeleieriet her i landet ble etablert i Rausjødalen i Tolga for 150 år siden.

Begrunnede forslag på kandidater sendes på telefaks på nr 64 83 20 01 – eller på e-post til hakon.tysdal@norgesvel.no innen 1. august i år.



DET KGL. SELSKAP FOR NORGE'S VEL

Postboks 115, 2026 Skjetten, tlf: 64 83 20 00

Hedmark - 4 prosent nedgang i antal setre i drift

Frå FMLA-Hedmark har vi fått tala om seterdrifta i 2005, basert på tilskotet til seterdrift som no er ein del av det regionale miljøprogrammet. Det var sommaren 2005 drift på i alt 264 setre i Hedmark, mot 275 i 2004. Fordelinga er slik (2004 i parentes): 211 enkeltsetre med kyr (227), 33 fellessetre med kyr (29) og 20 enkeltsetre med geit (19). Samla var det 326 foretak som setra i 2005, mot 339 året før.

Seterprosjektet i Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal

Landbruksavdelingene i disse fylka har etablert samarbeid i forbindelse med det femårige prosjektet som kom i stand ved jordbruksforhandlingene i fjor. I følge tildelingsbrevet fra Landbruks- og Matdepartementet skal Norsk seterkultur (NSK) ha en rolle i dette, og organisasjonen er invitert til et samarbeidsmøte på Dombås nå i juni. Her er NSK bl.a. invitert til å legge fram et utkast til kommunikasjons- og informasjonsstrategi om stølsdrifta. Videre skal representant fra FMLA Sør-trondelag informere Interregprosjektet Grenselos seter – Fåbodriket i Nordens Grønne belte og samarbeid om kompetanseutvikling.

Pilotprosjekt "Seterlandet Sunndal"

AV STEIN BRUBÆK

I forbindelse med at Sunndal kommune startet arbeidet med en reiselivsplan ble de 3 seterbrukerne spurta om å delta. Det ble dannet en Setergruppe og gruppa fikk kr. 30,000 for å utvikle en *matsuvernir fra seterlandet i Sunndal*.

Tilfeldigvis er jeg som seterbruker i Sunndal også ansatt i VIL-prosjektet i Småbrukarlaget.

Jeg fikk derfor tillatelse til å bruke noe av min tid som prosjektmedarbeider til å arbeide med å utvikle tilbuddet til et større prosjekt siden jeg var kjent med de prosjektmidlene som var innvilget gjennom Jordbruksavtalen i 2005.

Setergruppen la frem et forslag til prosjekt som Sunndal Aktivum (næringselskapet) arbeidet videre med og laget en prosjektsøknad som ble innvilget.

SETRENE I PROSJEKTET

Renndølsetra, Gammelsetra og Torbuollen i Sunndal er alle levende setermiljøer hvor drifta er basert på et ønske om å bevare tradisjonelle produksjonsmåter kombinert med økt verdiskaping for brukerne.

PROSJEKT

Hver for seg er setrene gode eksempler på et tradisjonsrikt men likevel næringsrettet norsk jordbruk. De tre seterbrukerne vil virkelig satse på setra som næringsvei gjennom matproduksjon og reiseliv. Dette ved å revitalisere tradisjonell seterkultur for å øke inntjening og verdiskaping for brukerne.

Setrene fremstår i dag som lokale kvalitetssprodukter. Ambisjonsnivået er imidlertid høyere. Synergieffekter gjennom samarbeid har etter hvert blitt en åpenbar vei å gå for videre utvikling. De tre brukerne har derfor invitert Sunndal Aktivum AS til et samarbeid med hensikt å utvikle et **brukerstyrt pilotprosjekt i samhandling med næringsliv, offentlige myndigheter og organisasjoner**.

PROSJEKTLEDELSE

Sunndal Aktivum AS er et utviklings, aktivitets- og arrangementsselskap etablert i 1996.

Siden da har SA lagt et solid erfearingsgrunnlag for utviklingsarbeid innen

- kultur og næringsliv
- reiseliv og handel

Blant annet har SA den daglige ledelse av Sunndal Kulturfestival.

MÅLSETTINGER

Prosjektet skal :

- gi økt verdiskaping og inntjening hos brukerne
- gjennom samarbeid utvikle allerede gode produkter til et enda sterkere

produkt

- samhandle med næringslivet lokalt og regionalt med tanke på næringsutvikling
- øke antallet aktive setrer i regionen
- som pilotprosjekt ha overføringsverdi til andre seterbrukere

ARBEIDSMÅL

Prosjektet skal:

- gi setrene en omsetningsøkning på minst 30%. Overnatting, egenprodusert mat og opplevelser skal gi grunnlaget for økningen.
- utvikle en serie matsuvenirer fra Seterlandet Sunndal under felles logo
- utvikle opplevelsesstilbud i samarbeid med næringslivet i regionen

Eksempler:

- buferdsdag til Kristiansund, Molde og Sunndalsøra
- turer med guide
- fotturer mellom setrene
- transporttilbud mellom setrene
- opplevelsespakker
- utvikle videoer og foredrag
- kvalitetssikre produksjon av mat og opplevelser
- utvikle felles markedsføringsstrategier og markedsføringstiltak
- motivere flere bønder til å ta opp igjen setringa gjennom konferanser, visningsturer med mer
- i samarbeid med Destinasjon Kristiansund og Nordmøre og Destinasjon Molde og Romsdal etablere Seterlandet Sunndal som en spydspiss med effekt for reiselivet forøvrig



Fylkesmann Ottar Befring og Stein Brubæk under opninga aav seterysteriet i Torbuddalen.

PROSJEKTLEDELSE

OG PROSJEKTUTVIKLING

Det vektlegges at prosjektet skal være brukerstyrt, men det inneses samtidig at en prosjektledelse er nødvendig for å sikre fremdriften i arbeidet. Følgende organisering anses derfor formålstjenlig:

- Oppdragsgiver: brukerne ved de tre setrene
- Prosjektansvarlig: styringsgruppe bestående av seterbrukerne Eystein Opdøl, Eldri Svisdal og Stein Brubæk, samt Marit Hjellmo fra Sunndal kommune
- Prosjektledelse: Sunndal Aktivum AS
- Referansegruppe:
Styringsgruppa
Jostein Sande (Norsk Seterkultur)
Kristin Sørheim (Tingvoll kommune)
Roar Harsvik (Destinasjon Kristiansund og Nordmøre)
- Prosjektets målsettinger er ambisiøse og vil trenge en prosjektvarighet på 3 år.

Prosjektets fremdrift

Følgende milepælsplan er satt for prosjektet:

Aktivitet	2006 Utred	2007 Teste	2008 Befeste
Etablere prosjektet	Mai		
Matsuvenir	Juni (Matpose med felles logo)	Mai (Nye fellesprodukter basert på melk)	Mai (Nye fellesprodukter basert på kjøtt/annet)
Opplevelser	Juni (Etablere enkle opplevelsesprodukter)	Mai (Teste flere nye opplevelsesprodukter)	Januar (Velge ut og videreutvikle produkter)
Buferdsdager	September (Sunndal)	September (Sunndal, Molde, Kristiansund)	September (Sunndal, Molde, Kristiansund)
Motivering til setring	September (Konferanse)	Juli/ aug (Visningsturer) (Kurs) September (Konferanse)	Juli/ aug (Visningsturer) September (Konferanse)
Markedsføring	Desember (Felles nettside, brosjyre)	Juli (Gjennomføring visningsturer)	Januar (Ny markedsføringsplan for 2008 basert på erfaringer)
Samarbeidsrelasjoner	Oktober (Utrede aktuelle samarbeidsaktører for markedsføring, salg, opplevelsespakker)	Oktober (Evaluere årets samarbeidsstrategier)	Januar (Velge samarbeidsstrategier)
Evaluering prosjekt			Desember

Landsmøte i Norges Fjellstyresamband



Frå Torbuollen i Sunndal – eksempel på setersatsing i statsallmenning

Norsk seterkultur var invitert til landsmøtet i Norges Fjellstyresamband, der seterdrift og beitebruk sto særlig i fokus. Elin Rønning representerte NSK bl.a. med en stand der deltagerne på landsmøtet fikk informasjon om organisasjonens arbeid og aktivitet.

Årets tema på landsmøtet var altså ”Utvikling av bruksretter med ”tida og tilhøva”, -hvilken fremtid har de tradisjonelle bruksrettene som setring og utmarksbeite og hvilke muligheter ligger i nye bruksformer?”. Innlederne i debatten kom fra Landbruks- og Matdepartementet (LMD), Norges Bondelag, Norges Bonde- og Småbrukarlag, Naturvernforbundet og NFS. Den store deltagelsen på årsmøtet viser at fjellstyra har et sterkt engasjement i denne saken. Det kom klart fram at utvikling av bruksretter er viktig mht både matproduksjon og kulturlandskap.

RESOLUSJON FRA LANDSMØTET I NFS 2006

Norges Fjellstyresamband (NFS) er en medlemsorganisasjon for fjellstyrene i Norge. Alle landets 94 fjellstyrer er medlem. Fjellstyrene består samlet av mer enn 500 lokalt folkevalgte fra nær 100 kommuner. NFS hadde landsmøte på Stjørdal 8. – 9. juni 2006. Landsmøtet har enstemmig vedtatt følgende resolusjon:

Statsallmenningene er viktige områder for utmarksbeite og setring. Det er i dag ca 140.000 småfe og 12.000 storfe på beite og 3000 setre i bruk i statsallmenningene. Verdiene av utmarksbeite i Statsallmenningene utgjør ca. 60 mill. kr.

Fjellovens § 2 sier at ”(bruks-)retten skal kunne nyttast på ein måte som til kvar tid er i samsvar med rasjonell bruk, og som er naturleg etter tida og tilhøva”.

Bruksrettshavere opplever at sentrale myndigheter ikke gir et landbruk i stadig og rask endring de mulighetene som loven inviterer til. Utvikling av viktige bruksretter som for eksempel beiting og setring, møter store praktiske og økonomiske hindrer.

Voksende rovdyrbestander innskrenker adgangen til å utøve tradisjonelle og miljøvennlige bruksformer, og fører til at god beitebruk ikke lengre er mulig i stadig nye områder. Innføring av vern i store utmarksarealer oppleves som hinder for moderniserte og tilpassede driftsformer.

Landsmøtets temadebatt viser at vi har felles mål om levende landbruk og levende bygder i Norge, og da må det ” - som er naturleg etter tida og tilhøva” bli styrende i framtidig utmarksforvaltning.

Fjellstyrene krever at det tas et kollektivt krafttak for å skape gode rammer for utvikling av bruksrettighetene i statsallmenningene. Både miljøvernorganisasjoner, sentrale myndigheter og brukerorganisasjoner er opptatt av å ivareta og videreutvikle tradisjonelle og miljøvennlige bruksformer.

Landsmøtet mener at det er solid grunnlag for å danne nye allianser mot felles mål.

RAMMENE FOR BRUKSRETEN

SKAL VURDERES

Signalene fra Landbruks- og matdepartementet om opprettelsen av en arbeidsgruppe for å vurdere rammene for bruksretten ble godt tatt i mot. Innlederne og landsmøte var enige om at det må tas et kollektivt krafttak for å skape gode rammer for utvikling av bruksrettighetene. Dette for å sikre en miljøriktig matproduksjon, bevare viktige kulturerdier samt bevare levende bygder.

Under landsmøtet ble John Bjørkan fra Budal fjellstyre valgt til ny leder for 2 år i Norges Fjellstyresamband. Dorthe Huitfeldt fra Rauland fjellstyre ble valgt til nestleder. Ellers ble Erik Landsem, Snåsa, Brit Hembre, Stjørdal, Gunveig E. Eggen, Engerdal, Erik S Winther, Ringebu, Kjell Strand, Vestre Slidre, Aslak Myrvang, Eidfjord, Solveig Roti Aasen, Aurland, og Henning B. Øverås, Nesset, valgt inn i styret.



Bli med i



Medlemskontingent 2006

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttmedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjon/institusjon	kr. 500,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjon/institusjon
- Støttmedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL Tlf: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51 169

Mer helhetlig planlegging av hyttebygginga i fjellet



Moderne hyttebygging innebærer som oftes større inngrep i landskapet enn dei gamle seterhusa. Foto frå Renndølssætra i Innerdalen på Nordmøre der bygningar og natur går i ett.

FinseSymposiet har som formål å sette miljøfokus på høyfjellsnatur og -fauna. Symposiet tematiserer årlig en konkret sak og samler faglig tunge og sentrale premisseleverandører, på tvers av interessegrupper og næringsinteresser, til målrettet og avklarende diskusjon på Finse.

FinseSymposiet 2006 samlet representanter for utbyggerinteresser, forskning, forvaltning og miljøorganisasjoner til drøfting av temaet ” Hyttebygging i fjellet - behov for mer helhetlig planlegging ”

FinseSymposiet ser positivt på at fjellet trekker flere brukere, men er samstemt om behovet for en bedre og mer helhetlig planlegging av fritidsboliger i fjellområdene.

Viktige natur- og opplevelsesverdier må sikres gjennom gode planprosesser. Gode planprosesser innebærer i denne sammenheng definisjon av relevant geografisk område, mobilisering av reell fagkompetanse og grunnlagsdata, samt demokratisk behandling med regional/lokalt forankring.

FinseSymposiet har samlet seg rundt følgende anbefalinger:

- Det er behov for en klarere og tydeligere praksis av nasjonal politikk på utbygging av fritidsboliger. Regional planmyndighet må sikre oppfølging av nasjonal politikk nedfelt i St.mld 21:2004-5 (Rikets Miljøtilstand), der det står at fritidsbebyggelse skal unngås i nærmere definerte områder.
- Helheten må sikres gjennom bindende

regionale planer, og det må i langt større grad stimuleres til interkommunalt samarbeid om utvikling av fritidsbebyggelse i fjellet

- Det langsiktige perspektivet må sikre opplevelses- og naturverdier. Idag undergraves disse langt på vei av kortsiktig profitenkning.

- Utbyggingsinteressene må møtes med sterke politisk styring og demokratiske planprosesser, og utviklingstakten må avpasses slik at man evner å ta ut de lokale næringseffektene

- Plan- og miljøkompetanse/-kapasitet må heves på lokalt nivå og det må avsettes midler til dette.

- Det må legges klare føringer i kommuneplanen for utarbeidelse av reguleringsplaner, spesielt med hensyn til terrengtilpasning, infrastruktur, arealutnyttelse, energibruk og hyttestørrelse.

- Energiforbruket i fritidsboliger må reduseres

- Grunnlagsdata må forbedres. Det er bekymringsfullt at grunnlagsdata mangler eller er utilstrekkelig på sentrale fagområder såsom biologisk mangfold, landskapskvaliteter og kulturminner.

- Natur- og friluftsorganisasjoner må involveres tidlig og sterke i planprosessen

FinseSymposiet er et uformelt forum der deltagerne nødvendigvis ikke representerer sine respektive organisasjoner/bedrifter. Anbefalingene ovenfor representerer derfor ikke noe enstemmig vedtak, men en felles oppfatning blant de som var tilstede.

Arrangement i Valdres

På stemneplace ved Vasetstolen i Vestre Slidre er det Stølfestival 21.-23. juli. Konsert fredag kveld, handverk, tradisjonsmat og aktivitetar laurdag og aukasjon på søndag.

I samband med Landbrukets dag på Valdres Folkemuseum 9. sept. ønskjer ein å få til buføring hjå enkelte brukarar.

Mjølkehenting i øst

Vi merker oss følgende fra styret i Tine Meieriet Øst - : "Det er kommet opp spørsmålet om henting på to steder, i den 12 ukers perioden som det hentes melk på setrene. TINE ser svært positivt på at eksisterende setrer holdes i hevd. Endring i bruksstrukturen har i enkelte tilfeller gjort det nødvendig å ha dyr på to steder. Styret legger ingen avgift på henting på to steder i den 12 ukers perioden som det hentes melk på setrene. Men omfanget blir registrert."

Ynskjer å kjøpe ystegryte

jern eller kopar, gjerne med omn.
Tlf. 97012035

Stølsarrangement

Også denne sommaren er det planlagt mange stølsarrangement, eit par er nemnt i dette bladet. Kom gjerne med informasjon om slike arrangement, og vi gjer dei kjent gjennom "Seterkalenderen" og nyhendesida på www.seterkultur.no

Kurs

Gjennom året blir det arrangert mange kurs som har relevans for seterdrifta. Vi tar med noen eksempler her, og oppfordrer kursarrangører om å gjøre tilbuda kjent gjennom Norsk seterkultur – via Seterbrukaren eller www.seterkultur.no

BUDEIE/STØLSKURS

Medbudeie på aktiv stol? Grøtestolen i Hemsedal tilbyr kurs fra mandag - fredag i uke 26, 27, 30, 31, 33 og 34.

Kurs i dyrestell og videreforedling av mjølk som rømme, smør, hvit og brun os, kvika-kesteking m.m.

Aktiv stol med kyr, kalver, kalving, vill-saubukken Sæd-Bjørn, turisme, pleie av kulturlandskap.

For nærmere informasjon, kontakt budeie Bitten Brennhovd tlf. 95251901 eller e-post [biten.brennhovd@online.no](mailto:bitten.brennhovd@online.no)
Kun få plasser!

"Til siste dråpe"

Ysting og melkebehandling i Sunndalstradisjon

Fordypningskurs for seterdriverne og spesielt interesserte

Gammelsetra i Grøvudalen. 2.-5. august

Arrangør: Stiftelsen Gammelsetra / Sunndal seterdriftslag

Påmelding skjer til stiftelsen Gammelsetra v. Eldri Svisdal på tlf. 992 36 351 eller e.post eldri444@online.no

Seterkurs på Gammelsetra i Grøvudalen

Kurs 1: Veke 28, 9. – 15. juli / Kurs 2: Veke 32, 6. – 12. august.

Tilskipar er Nordmøre Ungdomslag i samarbeid med Stiftelsen Gammelsetra / Sunndal seterdriftslag. Kursa er åpne for alle.

For spørsmål om kursa og påmelding ta kontakt med: Eldri Svisdal,
Gamle Trysilvegen 7, 2406 Elverum,
tlf.: 992 36 351, eldri444@online.no



Ein separator for dei som vil halde i hevd gamle tradisjonar, og kjenne gleda av å servere mat der råvarene kjem frå eigen gard eller støl.

60 l/t - 3 hastigheiter for ulikt feittinnhold.



For den profesjonelle bruker,
550 l/t.


Lakhsmi separatorar (60- 1000l/t) og kinner (4- 120l).
Alle vitale delar i særst solid rustfritt stål.

Introduksjonsprisar fram til 1/7

UV-anlegg i rustfritt stål for sikker vasskvalitet i foredling og mjølkerom. Særst enkel montering. Kapasitetar frå 4-90 l/t. Kan tilpassast 12v for batteri eller solcelle.



39 W 30 l/min



øktanhamar Foto: © Vera Gjersæter

FORMEL

FORMEL gir best tilpasning til beite

Rett FORMEL på beite gjør det enklere å:

- Holde ytelsen ved hard beiting
- Holde høgt proteininnhold i mjølka
- Tilføre nødvendige mineraler

FORMEL Favør 28 Til svært godt beite og raigrasbeite med lågt innhold av fiber.

FORMEL Favør 30 Til middels godt beite.

FORMEL Elite Til middels beite og ønske om høg mjølkeproduksjon. Når beitekvaliteten avtar og kyrne må ha høg kraftfôrandel i fôrassasjonen.

FORMEL Favør 20 Til utmarksbeite og svakt gjødsla beite.

Kraftfôrmengdene må justeres etter utvikling i mjølkemengden, holdet på dyra og beitekvaliteten.



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen og vi støttar Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma



Foto: Torbjørn Hunseth.

Unesco-representantar til seters

Unesco-representantane Jim Thorsell frå Canada og Peter Ogden frå Wales saman med NSK-leiar Jostein Sande. Unesco-ekspertane viste stor interesse for seterdrifta og seterkulturen - og er klar på at setrene i fjordområda har ein viktig plass i verdsarvområdet - både i sør- og norddelen. Både har hatt oppdrag i mange land og har brei erfaring frå naturforvaltning rundt om i verda. Shepherd og Ogden tok turen til seters - for ein liten seterferie på Herdalssetra - etter at dei offisielle pliktene i samband med dei storslegne verdsarvmarkeringane på Bakka i Nærøyfjorden og i Geiranger var unngjort. Shepherd hadde ikkje vore på Herdalssetra før, men uttrykte at han var svært glad for at stølen og dalføret - med sin unike natur og kultur - var med i verdsarvområdet. Med verna vassdrag og landskap spelte verdiane i denne delen av området ein vesentleg rolle da avgjerda om verdsarvstatus vart teke i fjar.